KVIFOR BØR DU VERA MED.

- Interessante føredrag
- Underhaldning
- Kastekurs
- Flugebindarkurs
- Hemmelege vatn……..
- Utstyrsleverandørar
- Treffe likesinna
- Utveksle erfaringar
- Få svar på spørsmål
- Læra meir
- Fiska
- Ha det "kjekt"

Kjem du på arrangementet, skal du få vita kor denne fine fisken på 1155 gram vart teken.

ARRANGØRAR:

Etne Jeger og Fisk

Jarle Gjerde
Jan Terje Rafdal
Håvard Kambo
Albert Rafdal

Arrangementet er støtta av:

BAARDSEN på kaien

og

GUIDELINE

Prisar:

Fredag	kr.100,-
Laurdag	Gratis
Lunsj	Gratis
Middag på hotellet	kr.195,-
Søndagen	Gratis
Lunsj	Gratis

For påmelding:

Send e-post til:

firmapost@rafdal-vapen.no

Eller ring: 913 84 864 (Albert)

982 86 825 (Jarle)

"Feel-good" Fiskehelg



13.—15.5.2011
FUGL FØNIX HOTEL
+ ANDRE LOKALITETAR

ETNE JEGER- OG FISKERFORENING 1970

www.fjellørret.no

Kort ned på ventetida!

Alle som er interesserte i fiske, bør setje av denne helga til ein tjuvstart på fiskesesongen. Me har spanande føredragshaldarar, kastekurs, flugebindarkurs og andre varierte tema.

Målet er å ha det kjekt, pirre sansane og læra noko nytt og nyttig, samstundes som me kortar ned på ventetida.

Fredag har me føredrag og ulike innslag på Fønix. Det vert høve til å få seg ei øl og to i baren. På lørdagen skal me m.a. ha flugekastekurs med **Baardsen** og **Guidline**.

Me har også fått høve til å fiske etter brunaure i Etneelva frå Vassenden ned til Håfoss.

Laurdagen serverer me lunsj og middag garantert fri for oppdrettsfisk, me satsar på røye og aure frå Stordalsvatnet.

Program for fredagskvelden.

Kl.19.30 På Fugl Fønix Hotel i Etne

Morten B. Stensaker:

Morten er kjent frilansjournalist og har skrive fleire bøker og tallause artiklar om fiske rundt i heile landet. Han tek oss med til nokre få spanande stader med flott aurefiske.

Kl.21.00

Me friestar få fatt i BBC sin film om laksefiske i Etneelva fra rundt 1970. Dette er ein fantastisk film!

Kl.22.00

Litt skrøner om malle og andre lokale raritetar.

Program for laurdagen.

Kl.10.00-15.00

Kastekurs med Baardsen og Guideline i sone 3.

Lunsj med grillmat.

Kl.16.00 Middag på Fugl Fønix Hotel

Her vert det lokale råvarer. Villfisk og årstidas "friske" grønnsaker.

Kl.17.00-18.00

Frode Mortensen ausar av sine kunskapar om sjøfiske med flugestang

Kl.18.30-20.00

Børge Iversen om "*laksefiske for dummies*" og fiske gjennom året.

Program for søndagen.

Kl.11.00 - 1400

Oddbjørn Midtbø (Lakseflugene i Jakt&Fiske) lærer oss **alt** om binding av laksefluger.

Kl.14.30-17.00

Familiedag ved sone 3 i elva

- Fortelle om gode turforslag for dei unge
- Kastekonkurranse
- Grilling

Me tek sikte på å lodde ut flotte premiar som passar for den fiskeinteresserte.

Heile dagen: Etneelva er open for aurefiske i sone 25-26. Her vert det mogeleg for dei som ynskjer det å freiste lukka. NB! Begrensa antal fiskarar.

keilir

Keilir, med spanande fluger frå Island, vil vise fram noko av sitt sortiment.

www.keilir.no

superfluger for aure og laks.